



Stranda kommune

Næring og teknisk

Saksbehandlar: Inge Bjørdal

Melding om vedtak

Norges vassdrags- og energidirektorat Region Vest
Naustdalsvegen 1b
6800 FØRDE

Vår ref.:
2020001514- 4

Dykkar ref.:

Arkiv:
K2 - S01

Dato:
17.12.2020

Vedtak - Svar på høyring om Vurdering av konsesjonsplikt for auke av installert effekt og slukeevne i Fausa kraftverk

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

16.12.2020 FORMANNSKAPET 144/20

Stranda kommune har etter ei samla vurdering funne at det omsøkte tiltaket for å auke av installert effekt og slukeevne i Fausa kraftverk har stor overvekt av positive verknader og at det ikkje gir grunnlag for krav om konsesjonshandsaming ut i frå allmenne interesser.

Med vennleg helsing
Stranda kommune

Inge Bjørdal
Næringssjef

Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikkje signatur.

STRANDA KOMMUNE

SAKSPAPIR

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møte dato	Saknr
FORMANNSKAPET	16.12.2020	144/20

Saksansvarleg: Rådmann Åse Elin Hole		
Saksbehandlar: Inge Bjørdal	Arkiv: K2 - S01	Arkivsaknr 20/1514

Svar på høyring om Vurdering av konsesjonsplikt for auke av installert effekt og slukeevne i Fausa kraftverk

Rådmannen si tilråding:

Stranda kommune har etter ei samla vurdering funne at det omsøkte tiltaket for å auke av installert effekt og slukeevne i Fausa kraftverk har stor overvekt av positive verknader og at det ikkje gir grunnlag for krav om konsesjonshandsaming ut i frå allmenne interesser.

16.12.2020 FORMANNSKAPET

Møtebehandling

Vedtak samrøystes

FOR- 144/20 Vedtak:

Stranda kommune har etter ei samla vurdering funne at det omsøkte tiltaket for å auke av installert effekt og slukeevne i Fausa kraftverk har stor overvekt av positive verknader og at det ikkje gir grunnlag for krav om konsesjonshandsaming ut i frå allmenne interesser.

SAKSUTGREIING

Bakgrunn for saka

Stranda kommune er av NVE beden om å uttale seg om til høyring konsesjonsplikt for auke av installert effekt og slukeevne i Fausa kraftverk i brev av 20.10.2020 (ref.: 202005093-2, H. Hveding).

Saksopplysningar

NVE har motteke brev frå Stranda Energi AS om ei utviding av Fausa kraftverk med spørsmål om det oppstår spørsmål om tiltaket treng konsesjon etter vassdragslovgjevinga. Søkaren ynskjer å skifte ut og grave ned trykkkrøyet og rehabilitere eitt aggregat. Tiltaket vil auke slukeevna frå 2,6 til 3,3 m³/s. Dette til auke ytinga med 2 MW og produksjonen

med 6,4 GWh. All informasjon om prosjektet er lagt ved saka.

Søknaden skal handsamast etter vassressurslova § 18 og vurderast etter vassressurslova §§ 8 og 10. På bakgrunn av søknaden skal NVE vurdere om utvidinga medfører skade og ulempe som er av eit slikt omfang for allmenne interesser at det oppstår konsesjonsplikt.

NVE ber kommunen informere dei om kjende allmenne interesser vert råka av tiltaket og om andre faktiske forhold som kan vere avgjerande for gjennomføringa. Av døme på allmenne interesser nemner dei friluftsliv, kulturminne, verdfulle naturtypar, raudlista artar og informasjon om fisk eller vilt. Det kan også vere informasjon om planstatus, eksisterande vassuttak, osb.

Vurdering

Vi ser at Fylkesmannen i brev av 18.11.2020 har gjeve ein uttale til denne saka og sakshandsamar avgrensar difor kommunen sin uttale til å kommentere med bakgrunn i FM sine vurderingar. Fleire av temaa NVE ber om vurdering av er objektive fakta basert på nasjonale databasar. Kommunen ser difor ingen grunn til overprøve desse vurderingane så sant vi ikkje sit inne med lokalkunnskap som gjer at FKMR sin vurderingar bør kommenterast/supplerast.

Biologisk mangfald

Kommunen har ingen opplysningar utover det FKMR har gitt i sitt svar og er elles samd i vurderinga dei gjer av verknad på hjortetrekktet.

Akvatisk miljø

Stranda kommune har ingen merknader til framstillinga frå FKMR.

Men kommunen vil nemne at det i samband arbeidet med Vassdirektivet og utarbeiding av vassressursplanen for Møre og Romsdal vart sett fram forslag frå Betten /Lucassen om Tiltaksovervakning i Nysetervatnet, Sykkylven og Stranda – Førespurnad om deltaking i spleiselag. (Ref. .03.2013 2013/1811/OLBE/461.0).

Forslaget var at denne undersøkinga skulle omfatte:

Vasskjemi

To stasjonar i Nysetervatnet der ein måler vasskjemi over ein sommarsesong. Aktuelle parameter: Kalsium (Ca) og farge (Pt) for å finne vassstypen, og fosfor (Tot-P) og nitrogen (Tot-N).

Biologi

Måling av klorofyll (Kl-A) på innsjøstasjonane. Prøvefiske i Nysetervatnet. Konsulent bør også vurdere tilstanden på reguleringssona i vatnet med tanke på biologiske produksjon.

Vi kjenner til at det vart utarbeidd ein rapport av Rambøll AS med tittelen *Miljøundersøkingar i ferskvatn 2013*. Her er Nysetervatnet nemnt.

I tillegg meiner vi at det i vassressursplanen for Nordre Sunnmøre vassområde vart teke med at Fusavassdraget burde takast med på lista for revurdering av i samband revisjonsarbeidet for eldre konsesjonssaker (vilkårsrevisjon).

Friluftsliv/landskap

I tillegg til uttalen frå MRFY kan vi nemne at Stranda kommune arbeider med ny

kommuneplan. Samfunnsdelen er ferdig godkjent, og det vert arbeid med arealdelen (som har vore ute til 2.dre gongs høyring).

I arealdel er området for røyrkata sett av til LNF-areal og fritidsbusetjing, sjå vedlagt kartutsnitt.

Ureining

Samanfallande vurdering som FMMR.

Utslepp

Temaet er ikkje vurdert av FMMR.

Traseen går gjennom myrlendte område. Vedlagt kart viser ei blanding av grunn (< 1 m) og djup (> 1m) myr.

Måten ein handterer massane på vil vere avgjerande for korleis utsleppa frå gravearbeidet vil bli.

Samfunnstryggleik

Ingen kommentar til vurderinga frå FMMR.

Ein tilleggskommentar er at Fausakraftverket vil gjer straumforsyningssituasjonen i Stranda sikrare. Det er fleire prosjekt under planlegging som krev ekstra straumforsyning:

- Elektrifisering av ferje
- Nye oppdrettsanlegg med store krav til straumforsyning (Røbbervika)
- Hydrogensatsingar der også Fausa kraftverk er blitt vurdert

Kulturminne

Stranda kommunen har utarbeidd ein kulturminneplan

(<https://www.stranda.kommune.no/tenester/kultur-idrett-og-fritid/kultur/kulturminneplan/>).

Det er ikkje registrert kulturminne som vert berørt av dette tiltaket (ref. Kåre Stadheim).

Vedlegg:

Dok.dato:	Vedlegg:	Dok.ID
23.11.2020	Høyring av vurdering av konsesjonsplikt for auke av installert effekt og slukeevne i Fausa kraftverk	289065
23.11.2020	Fausa Kraftverk- Anmodning om vurdering av konsesjonsplikt_D02_med vedlegg 3159229_2_1	289066
02.12.2020	Utsnitt kommuneplan - Fausa	290120
02.12.2020	Miljøundersøkingar i ferskvatn 2013	290121

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.

*

